



Arkivnr: 2014/10499-30

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Godkjenning av 4 prosjektrekneskapar innan skulesektoren

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet skal i samsvar med gjeldande budsjett- og økonomiforskrifter, uttala seg om årsrekneskapane. Det er lagt til grunn at prosjektrekneskapar følgjer same prosedyre. I samband med dette gjorde fylkestinget slikt vedtak i sak 49/13 i møte 15.10.13:

«Fylkestinget vedtek at prosjektrekneskapar:

1. På 10 millionar kroner eller høgare skal reviderast av ekstern revisor og handsamast i kontrollutvalet før dei går vidare til politisk handsaming.
2. Der avviket i høve opphavleg budsjett er meir enn 10 % skal same rutine følgjast.»

Uttalen frå kontrollutvalet skal for desse prosjektrekneskapane leggjast ved sak frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet, som gjer vedtak i denne saka. Sekretariatet har motteke uttale til prosjektrekneskap 4 prosjekt innan skulesektoren. For 3 av prosjekta er det snakk om kostander til brannsikring og for det fjerde prosjektet gjeld kostandene ombygging. Notat om avslutning av prosjekta, prosjektrekneskapar og revisjonsuttaler ligg ved. I brev dagsett 5.9.2014, har Deloitte stadfesta at prosjektrekneskapane gjev eit rettvise bilete av at prosjekta og at dei er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk. Oversikt over prosjektrekneskapane ligg ved.

Drøfting:

Dersom vi legg til grunn opphavleg budsjett har prosjekta 3194 Laksevåg vgs og 3217 Fitjar vgs monalege overskringar. Dersom vi legg til grunn totalsummen som er løyvd vert det eit mindreforbruk på Laksevåg og eit meirforbruk på Fitjar. Dei to andre prosjekta har brukt ein del mindre enn det som ligg i opphavleg budsjett. Det kan tyde på at nokre av kalkylane eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, ikkje har vore gode nok.

Vidare går det fram av prosjektrekneskapane at det for tre av dei har teke 3 – 5 år frå siste løyving til rekneskapen er avslutta. Sekretariatet stiller spørsmål ved om det er naudsynt å vente så lenge før

prosjektrekneskapane vert avslutta. Det vert også vist til uttalen frå kontrollutvalet for prosjekt 06109 Tertnes vgs – Tilbygg i møte 25.8.14 der det i punkt 3 m.a. står:

«Kontrollutvalet har merka seg at det har teke 7 år frå siste løyving blei gitt, til endeleg rekneskap ligg føre,».

Det vil på bakgrunn av dette vera ei føremon om ein i framtida kan finne fram til rutinar som gjer at ein kan avslutte slike prosjektrekneskapar tidligare enn det som har vore tilfelle her.

Utover det som går fram over er handsaming og revisjon av prosjektrekneskapen utført i tråd med regelverket ved at dei vert revidert etter kvart, ved at dei vert send vidare til sekretariatet for handsaming i kontrollutvalet og at det er lagt med notat med forklaring på avvik for alle prosjekta.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet i sin uttale, som for Tertnes vgs., kommenterer at det for fleire av desse prosjekta har teke lang tid før prosjektrekneskapen er avslutta og at vil vera ei føremon om ein i framtida kan finne fram til rutinar som gjer at ein kan avslutte slike prosjektrekneskapar tidligare enn det som har ore tilfelle her. Sekretariatet tilrår vidare at kontrollutvalet tar konklusjonane frå Deloitte til etterretning.

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapane gjev eit rettvisebilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.
2. Kontrollutvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.
3. Kontrollutvalet har merka seg at det har teke 3 -5 år frå siste løyving blei gitt for 3 av prosjekta, til endeleg rekneskap ligg føre. Det vil vera ei føremon om ein i framtida kan finne fram til rutinar som gjer at ein kan avslutte slike prosjektrekneskapar tidligare.
4. Utvalet har elles ingen kommentar til prosjektrekneskapane.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg: Oversikt over 4 prosjektrekneskapar innan skulsektoren
4 Prosjektrekneskapar og uttale frå revisor



Prosjektrekneskap

Rekneskapsført: August 2014

Revidert: september 2014

Prosj.nr.	Eining	Føremål	Løyving	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
2125	Bergen handelsgym	Ombygging	kr 200 000	kr 179 464	kr 20 536	10,3 %
3194	Laksevåg vgs	Brannsikring	kr 1 000 000	kr 876 448	kr 123 552	12,4 %
3198	Garnes vgs	Brannsikring	kr 300 000	kr 220 171	kr 79 830	26,6 %
3217	Fitjar vgs	Brannsikring	kr 470 000	kr 528 546	-kr 58 546	-12,5 %
TOTALT			kr 1 970 000	kr 1 804 629		